

**Dokumenttype** NOU 1985:22 **Dokumentdato** 1985-05-13

**Tittel** Akvakultur i Norge

**Utvalgsleder** Olsen Viggo Jan

**Utgiver** Fiskeridepartementet

**Kapittel** 1.6 SAMANDRAG OG FRAMLEGG  
Kapittel 2. Status innan akvakultur.

Årsproduksjonen frå akvakultur var ifølgje oppgåver frå FAO i underkant av 9 millionar tonn på årsbasis i 1979/80.

Canada, Japan, USA og USSR har frå rundt 1960 sett ut store mengder yngel av ulike artar stillehavslaks til havbeiting. Utsetjingane har gitt gode resultat og fangsten av stillehavslaks auka frå vel 300 000 tonn i 1974 til omlag 600 000 tonn i 1979.

I Norge auka produksjonen av oppdretta laksefisk frå rundt 500 tonn i 1971 til omlag 26.000 tonn i 1984. Av skalldyr vart det i 1982 produsert omlag 200 tonn blåskjel og omlag 50.000 stk marknadsøsters.

---

## **Kapittel 1.6 SAMANDRAG OG FRAMLEGG**

Kapittel 3. Føresetnader og mål for norsk akvakultur.

Eit mål for norsk akvakultur må vera å finna fram til metodar som resulterer i at ein større del av den biologiske energien i vatnet kan nyttast til menneskemat. Landet må utnytta sine komparative fordelar når det gjeld vår lange kyst og våre skjerma kystfarvatn.

Sjølv om slik produksjon vil vera ei hovudsak i framtida, er det grunn til å tru at ein i tillegg vil setja seg andre mål, til dømes for å framskaffa råstoff til bioteknologisk industri.

Norge må ha som mål å verta ein leiande nasjon innan akvakultur og må ta omsyn til dette på alle ledd i undervisningssystemet.

Norge må utnytta landet sine ressursar til auka matproduksjon, verna om eksisterande arbeidsplassar og busetnad, auka sysselsetjinga, gjera det mogeleg å få eit meir variert næringsgrunnlag i distrikt med svakt utbygd næringsliv og byggja ut ei rasjonell næring som gir utøvarane ei inntekt på line med det som vert oppnådd i andre næringar.

Interessa for å tilverka akvakulturprodukta i Norge må oppmuntrast. Norske styresmakter må arbeida for å få redusert tollsatsar på akvakulturprodukt, og må i denne samanheng vera villige til å revurdere våre eigne tollrestriksjonar på importvarer.

---

## **Kapittel 1.6 SAMANDRAG OG FRAMLEGG**

Kapittel 4. Fiskeslag og akvaprodukt som det i framtida kan verta aktuelt å satsa på.

Arbeidsgruppa meiner at utsetjingsforsøka av laks må auka i omfang i høve til det som har vore gjort. I første omgang må målet for slike utsetjingsforsøk vera å framskaffa større kunnskapar om utsetjing av smolt, noko som kan resultera i auka gjenfangstar. Eit viktig element i utsetjingsforsøk vil vera å variera alle dei faktorane som ein meiner vil

influera på fisken si overleving og på rekruttering til den fiskbare bestanden. Arbeidsgruppa gjer framlegg om at Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk og Fiskeridirektoratet går saman om å planleggja og gjennomføra dei utsetjingsprosjekta som desse institusjonane finn naudsynte.

Arbeidsgruppa vil tilrå at forsøka med yngeloppdrett som dei siste åra med hell har vore drive i Austevoll vert intensivert. Heri inngår utvikling av teknologi ved storstilla yngelproduksjon både til utsetjing og til bruk i intensivt oppdrett. Forsøka må innehalda eigne prosjekt for sjukdom, ernæring, genetik og stamfisk. Programmet bør ha som mål at det i løpet av ein 5-års periode vert produsert tilstrekkeleg setjefisk til at ein kan få svar på dei aktuelle spørsmåla om utsetjing.

Utsetjingsprosjektet må følgjast opp ved å granska dei effektene som torsk har på det generelle marine liv i området. Herunder må ein kartleggja vandring, vekst og rekruttering hos torsken som vert utsett. Ein må freista å skaffa opplysningar om kor stor del den utsette torsken etter kvart utgjer av den totale fiskebestanden og kva verknader utsetjinga har på andre fiskeartar. Også dei økonomiske sidene av utsetjing må granskast, herunder må ein freista å få fullstendige data om gjenfangstane.

Arbeidsgruppa vil tilrå at det vert sett i gang tiltak for å framskaffa fleire opplysningar om raudspette, herunder om miljøet si bereevne og i kva grad dei naturlege forekomstane er utnytta. For denne fisken vil Arbeidsgruppa tilrå at metoden for yngeloppdrett i basseng (pollar) vert vidare utprøvd, og at utsetjingsprosjekt i relativt stort omfang vert gjennomførde. Prosjektet må gjennomførast slik at det kan gi mest mogeleg fullstendige opplysningar om både dei økonomiske, økologiske og samfunnsmessige sidene ved slik utsetjing.

Arbeidsgruppa meiner det bør iverksetjast arbeid med å utvikla billegare metodar for produksjon av småhummar enn dei som finst i dag. Ein mogeleg måte er at dette kan skje i pollar og basseng tilsvarande som for torskeyngel.

I intensivt oppdrett av laksefisk ser Arbeidsgruppa det som svært viktig at arbeidet med sjukdomsforskning vert intensivert. Spesielt vil Arbeidsgruppa tilrå at arbeidet med førebyggjande tiltak mot Hitrasjukdomen (Haemorragisk syndrom) vert gitt høg prioritet, til dømes gjennom utvikling av vaksine og eventuelle andre behandlingsmetoder. Det må også arbeidast med å finna betre behandlingsmetodar mot lakselus og flagellaten *Costea*.

For å betra produksjonsegenskapane hos laksefisk må arbeidet med systematisk avlsarbeid trappast opp. For å gjere næringa meir konkurransedyktig må produksjonsmetodane med omsyn til teknikk, for og foring gjerast betre.

Når det gjeld omsetning av oppdrettsfisk må ein søkja å utvida eksisterande marknader og oppretta nye. Det må leggjast meir arbeid i produktutvikling og produktvariasjon. Til dømes bør ein granska om det kan vera aktuelt å produsera røye og/eller sjøaure i tillegg til dei tradisjonelle artane laks og regnbogeare.

I vurderinga av marine artar som kan vera aktuelle for framtidig oppdrett må vi ta omsyn til om dei kan trivast eller tilpassast oppdrettstilhøve, om vi kan rå over reproduksjonsfasen under oppdrettstilhøve og om dei er økonomisk og kvalitetsmessig verdifulle.

Produksjon av torskeyngel fekk eit gjennombrøt i 1983, då det ved Akvakulturstasjonen i Austevoll vart produsert om lag 100.000 fisk av setjefiskstorleik. Resultatet vart følgt opp i 1984. Forsøk har vist at det kan produserast torsk på 2 kg på under 2 år, rekna frå klekkjing. Torsken tykkjast å utnytta foret godt, og han har eit høgt vekstpotensial.

Spørsmålet om intensivt torskeoppdrett vil kunna drivast lønsamt vil avhenga av faktorar som prisen på setjefisk av torsk, for, foringsteknikk, prisen på kapital, svinn, sjukdomsresistens og prisen på det ferdige produkt. Setjefiskkostnadene i intensivt oppdrett vil vera moderate. Til dømes vil setjefiskkostnadene for oppforing av ein tre kilos torsk vera under 2 prosent, basert på ein setjefiskkostnad på kr 2, og ein kilopris på kr 15;.

Arbeidsgruppa vil tilrå at det vert sett i gang forsøk med oppdrett av torsk med sikte på å framskaffa relevante data om tilhøve som biologi, teknologi og økonomi. Parallelt med forskings- og forsøksverksemda må det utviklast for, foringsmetodar og oppdrettsteknologi med sikte på å produsera

torsk som kan marknadsførast til dei tider av året då villfanga torsk er mindre tilgjengeleg.

Når det gjelde kveite, har ein enno ikkje greidd å fora opp yngel, slik som for torsk. Arbeidet med å greia dette må difor intensiverast. Dersom ein lukkast i å oppföra kveiteyngel, bør det vera aktuelt å oppdretta kveite i kar på land, i flytemærar, i avstengde pollar eller basseng, eller i strandinnhengningar.

Arbeidsgruppa finn at resultatane ved Akvakulturstasjonane i Austevoll og Flødevigen er så lovande at dei gir grunnlag for å tru at kveita kan verta ein sers interessant fisk å satsa midlar på i eit utviklingsarbeid. Dette gjeld særleg intensivt oppdrett, men utsetjing for sjøbeiting kan verta aktuelt seinare.

Arbeidsgruppa ser det som viktig at forskings- og utviklingsarbeid med multikultur vert prioritert, og at det vert utprøvd i praktisk fiskeoppdrett. Ved å kombinera oppdrett av dei rette artane, og ved å finna fram til den optimale balansen mellom artane når det gjeld mengde og storleik, reknar Arbeidsgruppa med at multikulturar kan føra til økonomisk lønsamt oppdrett av artar som kvar for seg er lite aktuelle. Multikultur vil også kunna minka eller hindra uheldige miljøeffektar ved til dømes at biartar kan leva av forspill frå andre artar.

Produksjonen av blåskjel har vore hemma av varierende yngelavsetjing frå år til år, av påvekst av sekkedyr og tangartar og av predasjon av ærfugl og sjøstjerner.

Utviklinga av blåskjelproduksjonen tykkjest først og fremst å vera knytt til produktutvikling og marknadsføring, i mindre grad til biologiske tilhøve og dyrkingsteknikk.

I den aktuelle situasjonen er utviding av østersproduksjon avhengig av import av yngel, noko som kan medføre fare for å importera farlege parasittar og sjukdomar. Utviding av denne produksjonen tykkjest difor å vera avhengig av kunstig eller halvkunstig reproduksjon. Utvikling og bygging av klekkjeri for østers er difor den viktigaste oppgåva for tida.

## Kapittel 1.6 SAMANDRAG OG FRAMLEGG

### Kapittel 5. Utdanning og forskning.

For å møte veksten i akvakulturnæringa i åra som kjem, meiner Arbeidsgruppa at det er behov for ein auka innsats i heile utdanningssektoren.

Arbeidsgruppa vil tilrå at akvakultur vert innført som valfag på ungdomsskulesteget i 8. og 9. skuleår. Valfaget bør vera ei elementær og teoretisk innføring i akvakultur, som bør kombinerast med kortare praktikantperiodar på etablerte anlegg.

I den vidare skulen bør undervisninga i VK I utbyggjast til fleire skular. Gjennomgått og greidd eksamen i VK I i fagplanen bør vera tilstrekkeleg som krav til kompetanse for å få oppdrettskonsesjon for laksefisk. VK II bør få eit innhald som gir studiekompetanse i tillegg til yrkesretta utdanning.

Arbeidsgruppa ser behovet for vaksenopplæring innan akvakultur, og meiner at det etablerte arbeidsmarknadskurs i matfiskeoppdrett bør utvidast med liknande kurs i setjefiskeproduksjon, skjeldyrking og oppdrettsøkonomi. Slike arbeidsmarknadskurs bør gi kompetanse til opptak i VK I i akvakultur i den vidaregåande skulen.

Arbeidsgruppa meiner at utdanninga av kandidatar frå våre universitet og høgskular med akvakultur eller akvakulturrelaterte fag som fagområde må aukast med 25-30 kandidatar pr år. I tillegg vil det trengjast like mange spesialistar. Gruppa gjer framlegg om at Fiskeridepartementet tek spørsmålet om auka løyvingar til dette føremål opp med Kultur- og vitkapsdepartementet.

Når det gjeld veterinærutdanninga, er Arbeidsgruppa av den oppfatning at

studentar og veterinærar må få auka kunnskap om marint miljø, spesielt innan marin mikrobiologi. For å få i gang tilleggsutdanning for veterinærstudentar som ønskjer å spesialisera seg i fiskesjukdommar, bør Veterinærhøgskulen kontakta eitt eller fleire av våre universitet. Universiteta med den naudsynte kompetanse i marin mikrobiologi og fiskepatologi bør gi tilbod til veterinærar om etterutdanning.

Arbeidsgruppa sluttar seg til departementet sin praksis om at skular frå dei vidaregåande skulane og oppover kan gis oppdrettskonsesjon for laksefisk med inntil 2.000 kubikkmeter oppdrettsvolum. For høgare undervisningsinstitusjonar som driv forskings- og forsøksverksemd må konsesjonsstorleiken avpassast etter den verksemda som institusjonen driv.

For å sikra lønsemda og veksten i næringa i framtida, er det etter Arbeidsgruppa si oppfatning behov for ytterlegare forskingsinnsats på ei rekkje felt. Dette gjeld felt som for og ernæring, fiskesjukdommar, teknikk, oppdrett av nye organismar, nye former for oppdrett, oppdrettsøkonomi og produksjon. Om ikkje så altfor lenge vil det venteleg verta aktuelt å utnytta genmanipulasjonsteknikk og hybridomateknikk innan akvakultur. Den økonomiske satsinga frå det offentlege må verta av ein heilt annan dimensjon enn den satsinga som hittil har vore gjort.

Det kan verta aktuelt å utvikla teknikkar for oppdrett av organismar på alle nivå, og å kunna styra heile økosystem i oppdrett. I tillegg til matproduksjon, slik som i dag, kan det i framtida verta sett andre mål, som til dømes å framskaffa råstoff til bioteknologisk industri. Sett i dette perspektiv kan utviklinga innan bioteknikk og mikroprosessorteknikk få svært mykje å seia for utviklinga av akvakultur i framtida.

Artsmangfaldet innanfor norsk oppdrett må utviklast. I tillegg til økonomiske kriterier, som opp til no har vore tillagt størst vekt, må forskinga setjast i stand til å utvikla metodikk for pionerartar som vert utvalde på basis av reine biologiske kriterium.

Det er behov for auka forskingsinnsats innan oppdrettsteknologi. Det kan verta aktuelt å utvikla alternative sjøanlegg og oppdrettsteknikkar som gjer det mogeleg med effektiv drift også i meir opne område enn det som er praktisk mogeleg med den oppdrettsteknikken som ein har i dag.

I den grad fleire forskingsråd engasjerer seg innan akvakulturforskning, og også midlar frå industri og næringsliv vert kanalisert via forskingsråd, meiner Arbeidsgruppa at det vil vera naturleg at ein finn fram til samarbeidsformer som kan ivareta behovet for ei samordna forskingsverksemd.

NFFR støttar akvakulturforskning ved ei rekkje forskingsinstitutt og ved universitet og høgskular. Akvakulturverksemda er i særleg grad tilknytta Fiskeridepartementet og underliggjande etatar. Det er difor naturleg at NFFR skal ha ein overordna funksjon i arbeidet med å samordna akvakulturforskinga. Fiskeridepartementet må difor sjå det som ei plikt at NFFR får dei naudsynte verkemidlar og setjast i stand til å kunna imøtekoma behovet for auka forskning og samordning innan akvakultur, slik Stortinget har lagt opp til.

Når det gjeld utbygging av akvakulturstasjonar, meiner Arbeidsgruppa at generelt må det på kort sikt skje ei nivåheving framfor fleire stasjonar.

Ved sida av ei snarleg utbygging av Akvakulturstasjonen Austevoll, må det etablerast ein akvakulturstasjon i Tromsregionen tilknytta fiskeridministrasjonen, begge i internasjonal klasse. På noko lengre sikt bør det også opprettast ein akvakulturstasjon i Nordlandsregionen. Derved vil ein få følgjande fem tyngdepunkt i akvakulturforskinga: Tromsregionen, Nordlandsregionen, Sunndalsøra/Averøy, Matre/Austevoll og Forskningsstasjonen for laksefisk ved Ims.

Når det gjeld organiseringa av akvakulturforskinga innan fiskeridministrasjonen, er Arbeidsgruppa av den oppfatning at "Avdeling for akvakultur" ved Fiskeridirektoratets havforskningsinstitutt vert utskild frå instituttet og organisert som eit eige Havbruksinstitutt underlagt fiskeridministrasjonen.

Medlemmet Vaage uttaler i ei tilleggsfråsegn at om eit "Havbruksinstitutt" bør etablerast direkte under Fiskeridirektoratet, eller som ei stifting under fiskeridministrasjonen, avheng i stor grad om instituttet skal vera eit fagorgan for fiskeriforvaltninga, eller om det også skal dekkja FoU-behov hos mellom anna andre forvaltningsorgan og hos næringa. Eit fundamentalt krav, dersom instituttet skal vera konkurranse-

og tilpasningsdyktig nok til å påta seg oppdrag, må vera at det ikkje er bunde opp i stillingsheimlar etc som vert fastsett av Regjeringa og Stortinget.

---

## **Kapittel 1.6 SAMANDRAG OG FRAMLEGG**

### Kapittel 6. Rettleiing.

Kontoret for rettleiing og informasjon i Fiskeridirektoratet har det administrative ansvaret for fiskeridministrasjonen si rettleiingsteneste, herunder fiskerisjefkontora i fylka.

Det faglege ansvaret for rettleiing innan akvakultur er lagt til Kontoret for fiskeforsøk og båter i Fiskeridirektoratet.

Ved sistnemnde kontor er det tilsett fagkonsulent i akvakultur. Han skal mellom anna formidla forsøks- og forskingsresultat frå forskingsinstitusjonar til rettleiingsapparatet på fylkes- og kommunenivåa.

Ved 8 av fiskerisjefkontora er det tilsett akvakulturkonsulent. Dei er faglege rettlearar for fiskerirettlearane og står for øvrig i nær kontakt med utøvarane i næringa.

Arbeidsgruppa vil gi uttrykk for at eit svakt fagleg nivå er eit gjennomgåande trekk innan heile oppdrettsnæringa, noko som stiller særlege krav til rettleiingstenesta. Av denne grunn er det viktig at rettleiingstenesta har den tilstrekkelege kompetanse til å formidla forskings- og forsøksresultat til næringsutøvarane.

Fiskerirettlearane, som i stor grad har den faglege kontakten mellom forskning/forvaltning og næringa, har gjennomgåande altfor svake faglege føresetnader for å kunna ivareta arbeidsoppgåvene. Rettlearfunksjonen på lokalplanet må difor styrkjast, og det bør i denne samanheng vurderast å oppretta regionale rettlearstillingar med akvakultur som hovudarbeidsfelt. Fagkontoret i Fiskeridirektoratet som har akvakultur som ansvarsområde, må etter Arbeidsgruppa sitt syn også ha ansvaret for den faglege oppjusteringa av den delen av rettleiingstenesta som særleg arbeider med akvakultur.

---

## **Kapittel 1.6 SAMANDRAG OG FRAMLEGG**

### Kapittel 7. Konkurrerande bruk av kystsona og rettslege spørsmål vedkomande etablering og drift av akvakulturanlegg.

Arbeidsgruppa gjer framlegg om følgjande lovframlegg.

---

## **Kapittel 1.6 SAMANDRAG OG FRAMLEGG**

### Kapittel 7. Konkurrerande bruk av kystsona og rettslege spørsmål vedkomande etablering og drift av akvakulturanlegg.

Oppdrettslova; nye reglar.

- Det er tillate å ankra eller plassera akvakulturanlegg på eller over sjøgrunn som ikkje er underlagt privat eigedomsrett. Anlegget må ikkje plasserast slik at det i vesentleg grad gjer tilflot eller sedvanemessig bruk av området vanskeleg.

Reglane i lov av 16. juni 1961 (grannelova) kjem til bruk i sjøområde der det vert drive eller skal drivast akvakulturverksemd.

Før søkjaren fremjer konsesjonsøknad skal han ha gitt slikt varsel som er nemnd i paragraf 6 i grannelova.

I tilfelle av at det var kravd skjøn etter paragraf 7 i grannelova, skal domstolen også vurderer om plasseringa av anlegget vil koma i strid med reglane i første ledd.

Departementet kan bestemta at søknader kan fremjast før det er gitt nabovarsel.

- Innafor ei sone på 200 meter frå akvakulturanlegg har eigaren til ei kvar tid rett til å fanga fisk som har rømt frå anlegget. Retten varer i 14 dagar etter rømming. Varsel om rømminga skal gis til næraste lensmann eller politi, dersom eigaren gjer bruk av denne retten. I nemnde tidsrom er det ikkje tillate for andre å fiska etter rømt fisk i denne sona.
- I ferskvatn må det ikkje skje ferdsel nærare akvakulturanlegg enn 20 meter.

#### **Kapittel 1.6 SAMANDRAG OG FRAMLEGG**

Kapittel 7. Konkurrerande bruk av kystsona og rettslege spørsmål vedkomande etablering og drift av akvakulturanlegg.

Lakselova; ny regel.

- Det er ikkje tillate å fiska nærare akvakulturanlegg enn 100 meter i sjø og 50 meter i ferskvatn. Forbodet omfattar også fiske frå land.

#### **Kapittel 1.6 SAMANDRAG OG FRAMLEGG**

Kapittel 7. Konkurrerande bruk av kystsona og rettslege spørsmål vedkomande etablering og drift av akvakulturanlegg.

Oreigningslova; endring av paragraf 2 nr 28.

- Fiske, fangst av sjødyr, akvakultur og verksemd i samband med slikt, herunder forskning, undervisning og utvikling.

#### **Kapittel 1.6 SAMANDRAG OG FRAMLEGG**

Kapittel 7. Konkurrerande bruk av kystsona og rettslege spørsmål vedkomande etablering og drift av akvakulturanlegg.

Friluftsløva; endring i paragraf 4 punkt 1.

- ...fangst og fiske, akvakultur, den alminnelige samferdsel...

---

#### **Kapittel 1.6 SAMANDRAG OG FRAMLEGG**

Kapittel 7. Konkurrerende bruk av kystsona og rettslege spørsmål vedkomande etablering og drift av akvakulturanlegg.  
Strandlova; endring i paragraf 4 punkt 1.

- ...fangst- og fiskerinæringen, herunder akvakultur, for vannforsyningen...

---

#### **Kapittel 1.6 SAMANDRAG OG FRAMLEGG**

Kapittel 8. Den offentlege forvaltninga av akvakulturnæringa.

Arbeidsgruppa ser behov for å samordna lov om tiltak mot sjukdomar hos ferskvassfisk av 6. desember 1968 og sjukdomslova om marine organismar som det er gjort framlegg om.

I ei samordna lov om tiltak mot sjukdom hos organismar i ferskvass- og saltvassmiljøa vil ei trygg ressursforvaltning vera ein integrert del av formålet med lova. I tillegg kjem kurativ verksemd av veterinærfagleg karakter. Etter Arbeidsgruppa si oppfatning tilseier desse tilhøva at arbeidsoppgåvene må fordelast, og det må trekkjast klåre grenser for ansvarsområda til Fiskeridepartementet og Landbruksdepartementet.

Med Norge sin avgrensa veterinærfaglege kompetanse på fiskesjukdomar, finn Arbeidsgruppa å kunna tilrå at den eksisterande kompetansestrukturen vert lagd til grunn for fiskesjukdomar. Men Arbeidsgruppa vil på det sterkaste understreka at det er heilt naudsynt å utvida veterinærtenesta med kunnskap og kompetanse om det marine miljøet. Denne målsetjinga kan etter Arbeidsgruppa si oppfatning best ivaretakast ved at dei impliserte departementa med underliggjande fagetatar samarbeider om ei effektiv ressursutnytting på alle plan.

I eit kystdistrikt med eit aktivt oppdrettsmiljø må det etablerast eit organ med formål å samla tyngdepunktet for sakkunnskapar innan fiskepatologi. Organet vert å administrera av Fiskeridepartementet og Landbruksdepartementet i fellesskap. Den faglege leiinga må samansettast av ekspertar frå dei ulike fagfelta som har relevans for fiskeoppdrett.

Forsking om fiskesjukdomar og andre relevante fagområde må intensivast. Ei tenleg ressursutnytting gjer det naudsynt med eit tverrfagleg samarbeid. I tillegg må informasjonsverksemda aukast.

Veterinærhøgskulen må for alle studentar utvida og styrkja undervisningstilbodet i fiskesjukdomar. I tillegg må studentar som ønskjer å perfeksjonera seg til veterinærteneste i fiskeoppdrett få høve til spesialundervisning.

Regionalt må landsdelslaboratoria sin kompetanse og kapasitet styrkjast slik at dei kan ivareta sine veterinærfaglege oppgåver på ein forsvarleg måte.

Den vidare utbygging av det statlege apparatet for veterinærfaglege oppgåver bør i hovudsak skje ved at eksisterande laboratoria, dvs landsdelslaboratoria og laboratoria under Fiskeridirektoratets kontrollverk, får tilført fleire ressursar.

På lokalplanet bør det i område med store konsentrasjonar av anlegg etablerast kommunale veterinærstillingar spesielt for fiskeoppdrett. I andre område må den allereie etablerte veterinærtenesta påleggjast også å yta tenester til fiskeoppdrettarane. Dei løysingane som her er skisserte er ikkje til hinder for at fiskeoppdrettarar, einskild eller i fellesskap, kan engasjera veterinær.

I instruksen for distriktsveterinærane må det innarbeidast klare retningsliner for det veterinære arbeidet i oppdrettsnæringa, slik at veterinærtenesta kan verta effektiv med vekt på det forebyggjande arbeid.

## **Kapittel 1.6 SAMANDRAG OG FRAMLEGG**

Kapittel 9. Organisering av omsetning av oppdrettsfisk.

I spørsmålet om den framtidige organiseringa av omsetninga av akvaprodukt, har Arbeidsgruppa delt seg i eit fleirtal og eit mindretal.

Fleirtalet finn å leggja eit prinsipp om fangstmetode, dvs vill eller oppdretta organisme, til grunn for si vurdering av spørsmålet. Følgjeleg tilrår fleirtalet at den framtidige omsetninga av oppdretta organismar vert lagt til Fiskeoppdretternes Salgslag A/L.

Mindretalet legg organismane sin art til grunn for si vurdering og tilrår at Fiskeoppdretternes Salgslag A/L får omsetningsretten til vill laks og aure. Kva for artar og kor mange artar som skal omsetjast gjennom eitt og same salslag, og om fleire salslag bør gå saman om omsetninga, bør vurderast nærare.

## **Kapittel 1.6 SAMANDRAG OG FRAMLEGG**

Kapittel 10. økonomiske rammevilkår og offentleg finansieringsstønad.

Arbeidsgruppa gjer framlegg om at verdien av setjefisk som skal nyttast til utsetjing i tilknytning til kulturbetinga fiske i skattemessig samanheng vert sett til null ved formueslikninga.

Arbeidsgruppa sluttar seg til ei ordning som gjer det mogeleg med fondsavsetjingar, slik Norske Fiskeoppdretteres Forening har gjort framlegg om.

Arbeidsgruppa gjer framlegg om at oppdrettsnæringa vert underlagt dei same rammevilkåra som vareproduserande verksemdar, slik at næringsutøvarane vert fritekne for å betala investeringsavgift på driftsmidlar.

I medhald av lov av 30. juni 1955 om utførselsavgift på fisk og fiskevarer, vert oppdrettsfisk pålagt ei utførselsavgift til sosiale tiltak for fiskarane. Etter Arbeidsgruppa sitt syn er det tvilsamt om lova heimlar avgift på oppdrettsfisk, og Arbeidsgruppa ber difor Fiskeridepartementet om å ta spørsmålet opp med Tollstellet med sikte på å endra noverande praksis. Arbeidsgruppa tykkjer at det vil vera rimeleg at avgiftene som er innbetalt dei seinaste åra vert tilbakeført til fiskeoppdrettarane.